



NVE hevdar at Solfjell og område kring Mannsvatnet er godt eigna til vindkraft.

**Representantar frå Aksjonsgruppa til Nei til vindmøller i Kvinnherad kjem til Gamleskulen måndag 2. nov kl. 20.00. Målet er å informera om vindindustrien og medaljens bakside til grunneigarar, naboar og andre intresserte. I Kvinnherad er heile 19 område peika ut som godt eigna for vindkraftutbygging. NVE har laga eit kart over områda, men som ikkje er så godt å tyda i detalj. Det går likevel klart fram at fjella i Uskedalen er peika ut som gode eigna område for vindkraft. Det er Solfjell, Mannsvatn, Mannen og Ulvanosa.**

I Husnesfjella er det Mjelkhaug, Nordfjell, Svaneheia, Breimstølen m.fl. I Blådalen og Fjellhaugenområdet er det Ingahogg, Reikatindane, Sandvasshorga, Kvanndalsnuten og fjellområda over Baugstand som er peika ut. I tillegg kjem lokalitetar på Halsnøy og Fjelberg.

Aksjonsgruppa har aksjonert, og informert på ulike vis. Sommaren og hausten 2019 gjekk med til å informera om regjeringa sitt framlegg til Samla plan, (Nasjonal ramme for vindkraft på land) og å få folk og verksemdar til å skriva høyringsvar til NVE. Det vart sendt rekordmange høyringsvar frå Kvinnherad, har me fått vita.

Hausten og vinteren 2020 er og vil bli prega av informasjonsarbeid til grunneigarlag, bygdelag og organisasjonar. Dette fordi det meir og meir vert kjent kva ulemper vindkraftindustrien fører med seg, og kva negative følgjer det kan få for grunneigarar, naboar og lokalmiljø – både økonomisk og på andre måtar.

**No er turen komen til Uskedalen og me vonar på godt frammøte. Grunna koronatiltak er det avgrensa kor mange som kan delta på informasjonsmøte.**

**Måndag 2. november kl. 20.00 i Gamleskulen.**

Tekst: Pressemelding  
Foto/ nett: Kristian Bringedal